



PÅ GEFØHLEN: – Førsteintrykket viser seg ofte å vera meir rett enn ein først trur, lære del på intuisjonskurset i Haugesund. Blant deltakarane var (frå v.) Marry Høiland, Irene Knutsen, kursleiør Grethe Holtan, Siv Narrevik, Tuva Vetruhus Nese og Turid Nærland Horpestad.

– Ja takk, begge deler

Intuisjonen er under- vurdert som verktøy til å velja rett. Rasjonell tenking treng å balanserast av kjensler. Til og med Einstein brukte intuisjon.

Teikst: ION ODNOY
Foto: ALF-ROBERT SOMMERBAKK

KURS: Dette er noko av den lærdommen åtte kvinner sit att med, etter to kursdagar om intuisjon med Grethe Holtan. Fleirtalet av deltakarane var frå Jæren, men også Karmøy, Tysvær og Haugesund var representert. Dei to mennene som hadde meldt seg på, kom ikkje.

– Det handlar ikkje om enten

å tenka, eller ta omsyn til kjenslene. Vitsen er å aktivt bruka begge hjernehalvdelane. Det kreative, spontane, og det tankemessige, analyserande. Det er feil å tru at det berre er kvinner som har syn for dette. Det finst leiurar i arbeidslivet som er klare på at intuisjon er viktig for at dei skal kunna fatta dei rette avgjerdene, eller tilsetja rett person, seier Irene Knutsen

I glimt

Kvinnene på kurset har alt bestemt at det må haldast eit nytt kurs i Haugesund om eit år. I mellomtida vil dei trenast seg i å bruka intuisjonen. Hausta erfaringar, for å bli meir trygge på vala sine.

– Intuisjonen, om han kjem gjennom sansing, som eit tankemessig «aha!» eller er basert på erfaringar, intuisjonen dukkar gjerne opp som eit glimt, og forsvinn igjen. Det gjeld å henga fast i dette glimtet, og tolka det i lys av forståing, ettertanke, erfaring, forklarar kurshaldaren.

Ikkje kaffigrut

Kursdeltakarane verkar overtydde. Om at for den som ser, er det masse signal som det gjeld å få med seg.

– Naturfolk er mykje betre på

dette enn me er. I naturen er det også mange teikn. For tsunamien råka Sørøst-Asia for to og eit halvt år sidan, er det fortalt at dyra trekte langt inn i landet timar før flodbølga kom. Me må bli betre på å forstå – intuitivt – den verda me er ein del av, meiner Turid Nærland Horpestad.

«Feil å tru at det berre er kvinner»

Irene Knutsen, deltakar på intuisjonskurs

Driv dei så og spør i kaffigrut, komma i spesielle sinnstilstandar, eller seia til lag-naden at «dersom den neste bilen som kjem er raud, seier eg ja?»

– Å bruka intuisjon handlar for oss ikkje om slikt. Heller å registrera og tolka dei signala som

møter deg. Tolkinga er di eiga. Det finst ikkje fasitsvar, seier Nærland Horpestad.

Hjemetrening

Kursleiør Grethe Holtan held fram at mens menneskekroppen har vore nokså uforandra i mange generasjonar, utviklar hjernen seg stadig.

– Det gjeld å trenast han opp, utvikla evna til samspel mellom ulike «der» ved han. Jamvel om alle menneske har intuisjon, er det altfor få som aktivt brukar han. Ikkje til å bli hundre prosent sikker i alle val. Men til å ta betre val. Og til oftare å ha «flaks» når dei må ta sjansar, seier Grethe Holtan.

jon.odnoy@haugesunds-ems.no